

Sundag 8. august

Tur 4 Åbogsfjell

Lengde :6 km

Start :Fiskebustøylen kl. 11.00

Nivå :Middels til lett tur

Om turen

Vi startar turen frå Fiskebustøylen. Vi fylger gangstigen oppover og følgjer blått merke mot Krokstjønn. Herifrå og opp på toppen er det ein del stigning på fjell og svaberg. Flott utsikt mot Våmur og nordover Fyresvatn. Når det er klart ver skal ein kunne sjå havet mot syd.

Underhaldning og mat

Fredag 6. august

Om du ynskjer kan du nyte heimelaga rjome-graut og spekemat i Båthuset på Fiskebustøylen denne kvelden. Når middagen er innteken har du høve til å vere med på eit kulturelt innslag. Dersom det framleis er liv i rockefoten, spelar Eivind Furulund til dans på vollen. Dette blir moro!

Laurdag 7. august

Laurdag kveld stiller Jørund og mannskapet opp med nydeleg vilgrytte til dei som har lyst. Kvelden avrundast med quizkveld og sosialt samvere i Båthuset. Bli med om du har lyst!

Velkommen til Fiskebudagane i Fyresdal!

Dette blir friluftsliv av ypparste klasse som passar for dei fleste. For dei som heller vil nyte livet i ein båt i eit av dei flotte vatna, er det sjølvstøtt høve til dette. Kanskje er det godt fiskebit?

Her blir det høve til å bli med på alt eller delar av opplegget. Kanskje bare middag og underhaldning? Eller bare tur?

Det er plass til omlag 20 pers innomhus.

Elles det er god plass på vollen til å setje opp telt.



For generell informasjon om Fyresdal:

Fyresdal turistinformatjon

Tlf: 35 04 14 55

E-post: turist@fyresdal.kommune.no

Web: www.fyresdal.no

Web: www.fyresdal.kommune.no



Fiskebudagane

7., 8. og 9. august 2009

Fiskebustøylen, Fyresdal

Vel mellom fantastiske turar over 3 dagar

NANS design & printing, Fyresdal





typiske høgfjellsnaturen.
Baserar seg på å take vare på naturkvalitetane.
Velkomen til oss!

Informasjon

Kome til Fyresdal

Fiskebudagane føregjeng i sørenden av Fyresvatn. Fiskebustøylen ligg 6,5 km av riksveg 355. Det er gode bussforbindelsar til Fyresdal sentrum. Busstider finn du på www.telemarkbil.no. Spør turistinformasjonen om eventuell vidare forbindelse til Fiskebustøylen.

Overnatting

Fiskebudagane føregjeng på Fiskebustøylen og dette blir rekna som utgangspunktet for alle turane. Fiskebustøylen kan huse 30 personar i hytter (2-mannsrom) og har elles teltplass til disposisjon for dei som ynskjer det. Dei fastlagde måltidene og underhaldninga føregjeng også på Fiskebustøylen. For meir informasjon, sjå: www.valebjorg.no.

Turleiarar

Kvar tur blir leia av erfarne turleiarar frå Trimgruppa i Fyresdal. Trimgruppa er ein frivillig organisasjon lagt under Fyresdal Idrettslag. Deltakarane tilbyr gratis turar for alle som vil vere med ein gong i veka heile barmark sesongen. Om vinteren tilbyr dei turar på ski. Dei er erfarne i området, kan mykje lokalhistorie og er vande til å ha folk med seg. Dei har med seg fyrstehjelpsutstyr.

Gradering av turane

Turane denne helga har blitt gradera i denne brosjyra slik at du kan velje den turen som passar best for deg og ditt nivå. Dersom du vel dei turane som passar best for deg vil det gje deg den beste opplevinga og spare litt energi til underhaldninga på kvelden!

Forsikring

Deltakarane på Fiskebu-dagane tek del på eige ansvar, og verken arrangørar eller sponsorar er ansvarlege for ulykker eller skader, uansett korleis dei har skjedd. Sjekk forsikringa di før du reiser.

Booking

Ta kontakt med Jørund Valebjørg (976 77 991) eller Gunhild Momrak (957 91 511) for informasjon og booking.

Vel mellom desse turane

Fredag 6. august (to turar å velje i mellom)

Tur 1 Bindalsfjell

Lengde : Totalt 7-8 km

Start: :Eigne bilar, kl. 09.30 ved utgangspunkt for turen

Nivå :Middels krevjande dagstur.

Om turen

Turvegen startar på det høgste punktet på veg inn Bindalen. Kr. 30 pr.bil i bomavgift. Stigen opp er ikkje merka, så fylg turleiar. Vi gjeng inn langs fin, gamal stig mot Tjønneheitjønnane. Før vatnet gjeng vi opp til venstre. Frå toppen her er det lite stigning og fin saueveg langs rista mot varden. Ned att mot Nussli er det opplevingar av mange slag. Kjem fyrst til tuftene av ei steinbu, vidare ned flote svaberg mot utløpet av Elgheitjønn. Herifrå og ned er det fin stig der me passerar ei flott gamal kjempefuru. Denne er kalla for "Tobakksfura". Vel nede på Nussli finn vi bilane som vi har køyrt inn på førehånd.

Tur 2 Raudblæs og Igletjønnuten

Lengde : 3-5 timar

Start: :Egne bilar, kl. 10.00 ved utgangspunkt for turen

Nivå :Lett tur med lite stigning

Om turen

Gjeng opp ein flott stig i furuskogen til Raublæsberga. Vidare opp til "Den store steinen". Det er ikkje lett å beskrive den flotte naturen her, den må rett å slett bare opplevast! Ei fantastisk utsikt over store delar av Fyresdal og Fyresvatn. Stigen vidare opp på Igletjønnuten, 949 moh. er lett å gå. Dette er ein av 15 toppar i Fyresdal der det er bok å skrive i. Ned att gjeng me på austsida av Raublæstjønnna og vidare der me kom opp.

Laurdag 7. august

Tur 3 Kronfjell til Fiskebustøylen

Lengde: 12 km og 650 m stigning

Start: Buss frå Fiskebustøylen kl.08.30

Nivå: Krevjande dagstur

Om turen

Start ved Ovnene, midt mellom Treungen og Fjone i Nissedal Kommune (245 moh). Her tek me til å gå, opp ein bratt traktorveg. Langs den flotte, bratte fjellveggen kan me finne varmekjær vegetasjon. Me gjeng vidare i opnare terreng mot toppen av Kronfjell på 925 m.o.h. Mykje flotte svaberg som er fargerike og lette å gå på. Dette er det høgaste fjellet på Valebjørgsheia. Det er merka veg opp på toppen av Kronfjell men umerka resten. Så her er det greitt å fylgje turleiar. Gjeng så over Stakkhomfjellet og mot Fiskebustøylen via den flotte Laurdagstjønnna.

Utsikt på veg til Igletjønnuten



Velkomen

Velkomen til Fyresdal, til Fiskebudagane og til turopplevingar som vil opne augo dine, stimulere sansane dine og avdekke mange av Fyresdals gløynde og gøynde kulturskattar!

Denne helga kan du velje mellom fleire flotte naturopplevingar i Telemarksnatur. Du kan gå ein tur, eller fleire. Du kan også bli med å nyte lokal og stuttrest mat og oppleve dans, musikk og godt selskap. Du vel sjølv kva du vil bli med på!

Lokalkjende turleiarar vil leie kvar tur og gje deg ei best mogleg oppleving.

Kom og bli med på Fiskebudagane i Fyresdal!

Fyresdal

Fyresdal ligg lengst vest i Telemark og er 1277km² i utstrekning med ca 1360 innbyggjarar. Som ein stor utmarkskommune heilt vest i Telemark, har vi rikeleg av flott natur, store heistrekningar, mange gode fiskevatn og frodig skog- og jordbrukslands- kap å vise fram. Vi har plante og dyreliv som spenner frå det ein elles finn ved kysten til den